



Kari Hermansen og resten av kundane fann mykje fint på salskaféen.

Det har vorte ein kjær tradisjon i Uskedalen at Kvinnherad Vekstbedrift AS arrangerer salskafè. For mange er nok det ei påminning om at jula ikkje er så altfor langt unna, og at det kan vera lurt å byrja å tenkja på å kjøpa julepresangar. I dag vart dette tradisjonsarrangementet avvikla for 11. gong.



Karin Thauland var ei av dei fornøgde som sikra seg både fillerye og anna fint.

Publikumstilstrøyminga i dag var nok noko mindre enn tidlegare år. Det var ikkje uventa. For det første var det uvanleg mykje som skjedde denne laurdagen. Dessutan er det ikkje meir enn eit par veker sidan Retro Brukthandel opna i nye lokale ved Hellandsbrua på Husnes, og Retro har også sal av Kvinnherad Vekstbedrift sine populære produkt.

Det var trioen Anne Karin Myhre, Atle Haugland og Inger Naterstad som stod for salet, og sjølv om publikumstilstrøyminga var noko mindre, var dei svært fornøgde med omsetninga. Dessutan verka det som om kundane tok det med ro, kosa seg og slappa av. Det var det god grunn til. Det var svært mykje fint både i hyller og på stativ. Dessutan var serveringa vel verd å ta seg litt ekstra tid. Grauten var som alltid populær og av ypperste kvalitet. Dessutan var kakedisken fantastisk fristande!!

- Filleryer, hjarter og sitjeunderlag var spesielt populære produkt i år, kunne dei tre som styrte butikken fortelja. I tillegg gjekk det verkeleg unna av knekkebrøda og nøttemakronene!



Litt av det flotte utvalet.

Sjølv om ein no har salg av produkta dei lagar ved bedrifta på Retro Brukthandel, er det framleis utsal i Uskedalen også. Det er oppe i arbeidstida. I tillegg er det råd å bestilla om ein ønskjer spesielle produkt. Bunadsposane og filleryene er særleg populære i så måte. Tradisjonar er kjekke, og denne årvisse salskafèen er ein av dei!



Kakedisken var berre altfor fristande!!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døsslund.

